



VÅGÅ
KOMMUNE



TENESTEOMTALER 2018

Tenesteomtaler 2018

Fellestenester	s 3
Skatteoppkrevjar	s 4
Kultur	s 4
Skule og barnehage	s 7
Helse og omsorg	s 17
Landbruk	s 23
Tekniske tenester	s 25

Fellestenester

To medarbeidarar i servicetorget har varsla at dei blir pensjonistar i løpet av 1. kvartal 2018. Avgjerande for å oppretthalde god tenesteyting i servicetorget blir at vi får inn kompetente medarbeidar i dei to stillingane.

Arbeidspraksisperioden for ein person som har vore ved servicetorget blir avslutta ved nyttår.

Engasjementstillinga for å lukke avvik i arkiv er vidareført ut april.

Det vil bli sett på arbeids-/oppgåvefordelinga innan Fellestenester for framleis å kunne yte god service.

Bemanning Fellestenester:

Servicetorget/politisk sekretariat (2 årsverk + 1 engasjement 4 mnd)

Arkiv (1 årsverk), Informasjonsmedarbeidar (1 årsverk), IT-medarbeidar (1 årsverk)

Rekneskapsansvarleg/personalmedarbeidar (1 årsverk), Fakturering/innfordring (0,5 årsverk)

Lønsmedarbeidar/ansvarleg (1 årsverk) og tenesteleiar (1 årsverk)

Innsparing:

Det er lagt inn framlegg om innsparing ved å seie opp avtalen med Lærlingkontoret Gudbrandsdalen. Oppfølging av lærlingane og Fylkeskommunen vil da skje med lokale ressursar.

Fellestenester held fram som ei støttetjeneste og vil yte hjelp til både innbyggjarane og øvrige delar av den kommunale organisasjonen.

Følgjande arbeidsoppgåver vil vere sentrale i økonomiplanperioden:

Servicetorg/arkiv/politisk sekretariat

Sentralbord, skranketenester, skanning/fordeling (inn-/utgåande post/fakturaer), handsame søknader om skjenkeløyver (ambulerande og faste), arkivansvar, politisk sekretariat, oppfølging/opplæring/systemansvar for saksbehandlarsystemet, kontakt landbruksvikar.

Informasjonsarbeid

Profilering og omdømebygging av kommunen. Vere til til stades gjennom elektronisk kommunikasjon, både via heimeside og i sosiale medium. Vere ein pådrivar slik at organisasjonen utviklar seg på området..

IKT-arbeid

6K (norddalskommunane) har felles serverpark og godt samarbeid, viktig å oppretthalde og vidareutvikle samarbeidet. Lokalt har medarbeidar ansvar for innkjøp, oppdatering og vedlikehald av maskinpark, ny og gamal programvare m.m. og inngår i IT-vaktrutinane i norddalen.

Rekneskap/fakturering/innfordring/ løn/personal

Dagleg rekneskapsoppfølging, ha støtte- og rettleiarfunksjon for tenesteleiarar i rekneskaps-, løns- og personalspørsmål, HMS-ansvar, lærlingkontakt, startlån/bustøtte, bistand lønsforhandlingar, legatrekneskap, for- og etterarbeid i samband med lønskjøring. Systemansvar for programvare knytt til rekneskap, løn og fakturering.

Skatteoppkrevjar

Restskatt person 2015 Tot.innb. %	Restskatt Person 2015 Innford. %	Forskottstrekk 2016 Tot. Innb. %	Forskottskatt pers. 2016 Tot. Innb. %	Arbeidsgjevaravg. 2016 Tot. Innb. %	Restskatt Upersonl. 2015 Tot. Innb. %	Forskottskatt upers. 2016 Tot. Innb. %	Arbeidsgjevar-kontroll	Krav til avdekking i Avdekkingskontrollar
94,0	70,0	100	99,5	99,9	99,3	99,9	5,0%	50,0%

Skatteoppkrevjaren er ikkje målt i kostra, men krav til innbetaling/kontroll er utarbeidd av Skatt Øst. Tabellen over viser krav pr. 31.12.2017 for dei forskjellige skatteartane og prosentvis krav til kontroll av arbeidsgjevarar.

Når ein ser dei næraste åra framover så vil det nok vera liten forskjell på krava når det gjeld samla innbetaling på dei forskjellige skatteartane.

Arbeidsgjevarkontrollen har som målkrav at 5% av alle arbeidsgjevarar i kommunen skal kontrollerast kvart år. Frå 2018 vil ein få andre målkrav, desse er ikkje heilt fastsett enno.

Skatteoppkrevjaren si målsetting er at ein i åra framover skal nå dei krav som Skatt Øst fastset for både innbetaling av skatt og antall gjennomførte kontrollar av arbeidsgjevarar. Samstundes må ein forsette arbeidet med å få ned eldre skatterestansar slik at den samla skatterestansen ikkje aukar.

Kultur

Vågå kulturskule

Kulturskulen er lovforankra i opplæringsloven, paragraf §13 – 6

«Alle kommunar skal aleine eller saman med andre kommunar ha eit musikk- og kulturskuletilbod til barn og unge, organisert i tilknytning til skuleverket og kulturlivet elles»

Hovudformålet med tenesta er å gi opplæring av høg fagleg og pedagogisk kvalitet til alle born og unge som ønskjer det. Formålet med opplæringa er å lære, oppleve, skape og formidle kunstnarlege uttrykk. Kulturskulen er ein sentral del av den samanhengande utdanningslina som kan kvalifisere elevar med særskild interesse og motivasjon til opptak i høgare kunstfagleg utdanning.

Opplæringa skal bidra til barn og unges danning, fremme respekt for andre si kulturelle bakgrunn, bevisstgjere eigen identitet, bli kritisk reflekterande og utvikle eigen livskompetanse.

Kulturskulen skal bidra til å styrke elevanes estetiske, sosiale og kulturelle kompetanse. Kulturskulen skal i samarbeid med skuleverket bidra til eit heilskapleg kunst- og kulturfagleg tilbod til alle barn og unge, og i samarbeid med kulturlivet tilby kunst- og kulturfagleg støtte til opplæring og formidling til heile lokalsamfunnet.

Vaksenopplæringa

Vågå Vaksenopplæring gir opplæring i norsk og samfunnskunnskap for framandspråklege. Dei er anten busette flyktningar, arbeidsinnvandrarar eller familiegjeforeinte. Dei aller fleste er deltakarar i det toårige introduksjonsprogrammet, som krev 37,5 timer aktivitet i veka – mesteparten av dette er administrert av vaksenopplæringa.

Elevtalet ligg gjennom året ein stad mellom 18–20 elevar. Det svingar noko, på grunn av elevar som går ut eller kjem inn i løpet av skuleåret. Dette skuleåret har vi så langt elevar frå Eritrea, Somalia, Afghanistan, Iran, Peru, Thailand, Serbia og Litauen. Elevane er delt inn i tre grupper etter språkleg nivå. Elevane har tilbod om 26 timar undervisning i veka, der også matematikk og samfunnsfag inngår ved sida av norsk.

Vaksenopplæringa er opptekne av å gje ei mest mogleg variert og tilpassa undervisning. Ein viktig del av introduksjonsprogrammet er å få deltakarane ut av klasserommet og inn i lokalsamfunnet. Det er ei prioritert oppgåve for oss å skaffe dei relevante språkpraksisplassar. Vi oppmodar også elevane til å delta på lokale og regionale fagkurs. Kvart år er det fleire av dei yngre elevane som går vidare til grunnskule for vaksne og/eller vidaregåande skule. Det er også fleire som har høgare utdanning frå heimlandet, som vi hjelp til med å få godkjent i Noreg, slik at dei kan byggje vidare på formalkompetansen sin her. Målet er at deltakarane skal bli kvalifiserte for å delta i arbeids-, skule- og samfunnslev, bli økonomisk sjølvstendige og få eit trygt og inkluderande liv i Vågå.

Flyktingtenesta

Flyktingkontoret (FK) skal vere kommunen sitt bindeledd til eksterne samarbeidspartnarar som UDI, IMDI, NAV mv. i busetjings- og integreringsarbeidet. FK skal ha ei fagleg rettleiande og koordinerande rolle i samarbeidet med andre kommunale tenesteområde, kulturelle lag/organisasjonar mv. FK skal bidra til at busette flyktningar kan få same tenester same stad som øvrig befolkning.

Flyktingkontoret har to 100% stillingar. Flyktingtenesta/Vaksenopplæringa har ei utfordring i høve kravet om heilårleg introduksjonsprogram. Heilårleg Introduksjonsprogram speglar ordinert arbeidsliv i høve arbeidstid og ferie. FK og Vaksenopplæringa er kjend med tilsynsmyndigheita (Fylkesmannen) sine krav på området.

Kommunen har busett flyktningar årleg sidan tusenårsskiftet. Busettinga har definitivt vore med å oppretthaldt folketal og dermed det økonomiske grunnlaget for nivået på fellestenester. Busettingsarbeidet har vorte ein del av mange kommunale tenester og vi har etter kvart eit godt fungerande samarbeid med dei fleste kommunale tenester, og delar av privat organisasjon- og kulturliv.

Dei flyktingane som busettast gjennom familiegjeforeining er ikkje medrekna i busettingsavtala med IMDI (det vil seie; dei kjem i tillegg til talet busette iht. politisk vedtak).

Mål

1. Alle busette barn (6-18 år) skal delta i minst eit organisert fritidstilbod.
2. Flyktingkontoret skal busette i samsvar med politisk vedtak.

Frivilligsentralen

Frivilligsentralen skal vere ein lokal forankra møteplass som er open for alle som vil delta i friviljug aktivitet. Den skal utviklast av dei som er knytt til sentralen. Frivilligsentralen skal vere eit kraftsenter og eit kontaktpunkt for folk, foreiningar /lag og det offentlege.

Sentralen skal vere ein møteplass for alle, uansett livssyn kjønn, alder og etnisitet. Frivilligsentralen er eit supplement, ikkje ein erstatning for det offentlege hjelpeapparatet. Den skal

bidra til å ivareta og stimulere dei friske ressursane hjå enkeltmenneskje og lokalsamfunn. Vi skal rekrutere nye friviljuge ved behov.

Frivilligsentralen skal vere open for samarbeid med lag/organisasjonar og hjelpe til med igangsetting av nye tiltak ut i frå behov og idear.

Målet er å setja i gang nye aktivitetar ut i frå behov og å halde eksisterande tiltak i gang. Alt i tett samarbeid med avd. for kultur, teneste for psykisk helse, heimetenesta, Vågåheimen, vaksenopplæringa og flyktingstenesta.

Vågå bibliotek

Biblioteket skal fremje opplysning, utdanning og kulturell verksemd gjennom service og informasjonshandling, og ved å stille bøker og andre medium gratis til disposisjon for brukarane.

Folkebiblioteket er eit ledd i eit nasjonalt biblioteksystem, der det enkelte bibliotek i sine tilbod til brukarane skal leggje vekt på kvalitet, mangfald og aktualitet. Biblioteket skal elles drive eit utstrakt samarbeid med grunnskulen og vaksenopplæringa, regulert ved inngåtte avtaler.

I takt med den informasjonstekniske utviklinga, har tenesteservicen etter kvart vorte gradvis mindre avhengig av kommunegrenser.

Bibliotektenesta er heimla i Lov om folkebibliotek av 20. desember 1985, med endring av 01. august 2003.

For åra som kjem har Vågå bibliotek ei stor utfordring når det gjeld storleik på lokal med tanke på få brukte bibliotek til ein møteplass og arrangementstad for debatt, forfattarbesøk mv.

Folkehelse

Folkehelsearbeidet skal vere samfunnet sin innsats for å påverke innbyggjarane si helse og trivsel, førebyggje psykisk og somatisk sjukdom, skade eller liding, samt arbeide for ei jamnare fordeling av faktorar som direkte eller indirekte påverkar helsa. Gjennom ny folkehelselov er kommunen pålagt å drive helseovervaking, samt følgje med på negative og positive faktorar som kan verke inn. Særleg merksame skal vi vere på utviklingstrekk som kan skape eller oppretthalde sosiale helseforskjellar.

Tilrettelegging av fysisk aktivitet og friluftsliv, lavterskeltilbod og ulike aktivitetar for barn, grupper og familiar som krev ekstra ressursoppfølging, blir ein viktig del av folkehelsearbeidet i Vågå.

Viktige prosjekt for å utjamne sosiale forskjellar er f.eks. «Aktiv sommarferie», «NasjonalparkSkriket» og «Minifjellfilm på Gjende». Folkehelsekoordinatoren drifrar 11 turkasser rundt om i Vågå og arbeider for å oppretthalde tilbod om fysisk aktivitet for alle i Vågå.

Ungdomskonsulent

Hovudmålet for ungdomskonsulenten er å drive helsefremjande, haldningsskapande og målretta arbeid, og å arbeide for at ungdom blir tatt på alvor og sett på som ein ressurs. Bidra til å gje dei reell medverknad og innverknad på eigen kvardag, legge til rette for ulike aktivitetar og tilbod, samarbeide tverrfagleg og regionalt og vere ungdom sin kontaktperson i kommunen.

Ungdomskonsulenten er MOT-koordinator og MOT-coach i kommunen.

Stillinga drifrar Vågå Ungdomsklubb, Ungdomsfritidsordninga (UFO), Vågå Ungdomsråd, Nat-travnane og årlege friluftaktivitetar for barn og unge.

Ungdomskonsulenten deltek i ymse råd og utval i kommunen for å ivareta dei unges interesser og rettar.

Kultur

Hovudformålet med tenesta er å tilby innbyggjarane eit breitt spekter av kultur-, opplevings- og fritidstilbod i regi av kommunen, statsinstitusjonar og lokale lag.

Vi tilbyr gode prosjekt og arrangement til skulane gjennom «Den kulturelle skulesekken» og for dei eldre gjennom «Den kulturelle spaserstokken». Spaserstokken er eit samarbeid med eldrerådet, Vågåheimen og Frivilligsentralen.

Tenestområdet har og som mål å vidareutvikle Vågå som ein treffstad med kulturtilbod som basis. Det er og eit prioritert mål å leggje til rette for eit rikt lokalt aktivitetsnivå i regi av lag og organisasjonar.

Innbyggjarane i Vågå skal få tilbod om konsertar med populære artistar, lokale produksjonar og utøvarar samt konsertar med framande kulturuttrykk.

Vågå kino har film for både barn og vaksne ein gong i veka.

Skule og barnehage

Søre Grindstugu, Tessand og Lalm barnehagar

Formålsparagrafen i Lov om barnehagar: "Barnehagen skal i samarbeid og forståelse med hjemmet ivareta barnas behov for omsorg og lek, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling». Barnehagane i Vågå skal hjelpe barna til ei god utvikling i samsvar med føresetnaden til kvart enkelt barn. Barna skal gjennom lek og samvere få trening i samarbeid. Dei skal lære seg å ta omsyn til og ha ansvar for kvarandre, utvikla respekt og toleranse for andre menneske.

Vågå har 3 kommunale barnehagar, alle godkjend for barn frå 0 til 6 år.

Hovudopptak (oppstart 1. august) skjer etter søknadsfristen 1. mars som blir kunngjort i lokalpressa. Søkjarar blir vurdert etter barnehageloven §12 «retten til barnehageplass», og etter opptakskriteria i vedtektene for Vågå kommune. Skulle det bli ledige plassar ved nyttår kan vi ta inn barn som har søkt om oppstart frå 1. januar.

Barn som er busette i kommunen har fyrsterett på plass i dei kommunale barnehagane.

Barnehagane har vore flinke til å halde budsjettet sitt, men det er utfordrande då budsjettet blir lagt før nyttår, og søknadsfristen er 1. mars året etter. Fyrst då veit vi sikkert kor mykje tilsette vi treng for å oppfylle retten til barnehageplass frå komande haust. På grunn av endringar i foreldrebetalinga ser vi at vi får mindre inntekter framover.

Nasjonalordning for reduksjon i foreldrebetaling vart innført 1. mai 2015. Frå denne datoen skal inga hushaldning betale meir enn 6% av inntekta si for ein barnehageplass.

Frå 1. august 2016 har alle 3-, 4-, og 5-åringar som bur i hushaldning med låg inntekt rett til 20 timar gratis opphaldstid i barnehagen per veke.

Alle barnehagane skal leggje til rette for at "små vagverer skal hauste gode erfaringar i barnehagen". Dette blir gjort gjennom 4 område: tryggleik, basiskompetanse, god tid og uteliv, natur og lokal kultur. I tillegg legg barnehagane vekt på å møte foreldra med respekt og gje god informasjon.

For barnehageåret 17-18 er fokusområdet vårt VAKSENROLLA MED FOKUS PÅ SOSIAL KOMPETANSE, og har desse kvalitetskriteria;

- let barna medverke og vere lydhøyre for barna sine initiativ
- fremjar eit inkluderande leikemiljø
- byggjer «robuste» barn
- er gode rollemodellar

Vi har og fokus på desse områda; tidleg innsats, forpliktande samarbeid mellom skule/barnehage og heim, barn sin medverknad, smak – og musikk/ gamle songar og regler frå Vågå for dette barnehageåret. Vi tek også med oss det gode grunnlaget vi har fått med godt arbeid over fleire år inn i årsplanane våre.

«Barn sin trivsel» har vore og er viktig for oss i barnehagane, og i våre barnehagar har vi intervju med alle fire- og fem åringar om korleis dei har det i barnehagen. Trivsel og vennskap er stikkord her. Barna gjev oss gode attendemeldingar som legg føringar for vårt vidare arbeid på dette området.

Forpliktande samarbeid mellom heim og barnehage heng saman med tidleg innsats. Det er etablert foreldrenettverk for alle femåringane da skulane har foreldreskule for foreldre til komande 1. årssteg.

Vågå kommune er med i eit pilotprosjekt, Inkluderande læringsmiljø i barnehage og skule, i regi av UDIR som varer frå desember 2016 til desember 2018. Dette prosjektet er ei kompetanseutvikling som skal styrke barnehagar, skular og eigars kompetanse i å fremje trygt miljø og førebygge, avdekke og handtere mobbing og andre krenkingar.

I Vågå kommune skal alle barn oppleve eit inkluderande læringsmiljø, både fagleg og psykososialt. For å nå dette målet er det ein føresetnad at alle tilsette og foreldre samarbeider godt både med førebyggjande og holdningsskapande arbeid.

Barnehagane og skulane skal arbeide med desse områda i prosjektperioden:

- Systematisk arbeid i personalgruppa
- Holdningsarbeid
- Foreldresamarbeid

Alle barnehagane har opplegget "Tal – og språksprell" for alle 5-åringar. Dette er eit viktig hjelpemiddel for å utvikle språklege og matematiske ferdigheiter.

Vi kan nytte observasjonsskjema «Alle med» for å fange opp ungar som ikkje meistrar sosialt samspel, og «TRAS» (tidleg registrering av språkutvikling) om vi finn det naudsynt og foreldre er einige i dette. Vi har også tett samarbeid med skulane, PPT, helsesyster, fysioterapeut og miljøarbeider når det er aktuelt.

Det er felles leiing i barnehagane. Ein styrar i 100% stilling som også har fått ansvaret for myndeområde til kommunen, og ein assisterande styrar i 100 % stilling. Dette er under det som er anbefalt som leiarressurs for dei tre barnehagane våre.

Barnehage	Barnetal	Årsverk
Tessand	8 barn - 2 under 3 år	Barnehagelærarar; 0,8 (0,2 på dispensasjon) Assistentar barnepleiarar, barne- og ungdomsarbeidarar ; 2,4
Lalm	26 barn - 4 under 3 år	Barnehagelærarar; 2,6 Assistentar barnepleiarar, barne- og ungdomsarbeidarar; 3,6
Søre Grindstugu	58 barn - 14 under 3 år	Barnehagelærarar; 6,7 Assistentar, barnepleiarar, barne- og ungdomsarbeidarar; 9,3/ her ligg det inne 2 årsverk i styrking 1 lærling fram til nyttår

Sjukefråværet ved utgangen av sept; 13,4 % ved Søre Grindstugu barnehage, 7,4 % ved Tessand/Lalm barnehage, og det er langtidsfråværet som gjer store utslag her.

Vi har lavt stuttidssjukefråvær. Vi arbeidar aktivt for å få ned sjukefråværet og har fokus på eit godt psykososialt miljø med «langtidsfrisk» som grunntanken.

Barnehageyrket er eit yrke som byr på mange lyft, dårlege arbeidsstillingar og med mange «opp og ned frå golvet» i løpet av eit langt yrkesliv. Vi har fokus på korleis vi skal førebygge slitasjeskader. Trening som førebygging er viktig i dette yrket som i mange andre. Vi har jamleg bedriftshelsetenesta inne for å minne oss på/lære oss gode arbeidsteknikkar for å hindre skader over tid. Dette er ein del av HMS-arbeidet vårt.

Tal på barn fødde i Vågå dei siste åra går stadig nedover. I 2010 var det fødd 49 barn i Vågå, i 2013 28 barn og i 2016 19 barn. Dette er tal som vil få store konsekvensar for barnehagane våre i åra som kjem, og som gjer at Tessand barnehage nå blir nedlagt frå hausten -18.

Frå hausten 2017 fekk barnehagane ein ny rammeplan. Kunnskapsministeren vil styrke barnehagen sitt arbeid med dei yngste barna, med mangfaldet, med måltider, med mobbing og med språk. Vi har fått ein god og oversikteleg rammeplan som er ei forskrift til barnehageloven, og som seier noko om innhald og oppgåver.

I oktober gjekk høyringsfristen ut for høyringsnotatet for blant anna grunnbemanning og pedagogisk bemanning i barnehagane. Går dette gjennom skal den pedagogiske bemanninga styrkast, dvs at det skal vere minimum ein pedagogisk leiar per 7 barn under tre år og ein pedagogiske leiar per 14 barn over 3 år.

Lalm skule

Lalm skule er ein fådelt 1. - 7. skule med 62 elevar. I og med at vi er organisert som fådelt skule, må fleire av klassestega gå saman i nokre av faga.

Bemanninga består av ein tenesteleiar med 100% administrasjon. Åtte lærarar i til saman 6,35 årsverk, og to assistentar i 1,35 årsverk. I tillegg har vi merkantil hjelp i 20% stilling. Det blir gjeve tilbod om leksehjelp med pedagogar to gonger i veka på 3.-7.steg.

Kjenneteikn Lalm skule:

- Ein trygg skule for alle, jfr. paragraf 9a i opplæringslova
- Læring for alle elevar på deira nivå
- Nært samarbeid med heimane
- Fellesskapspraksis i personalet

Indikator og nøkkeltal	2012-13	2013-14	2014-15	2015-16	2016-17
Årsverk for undervisningspersonale	5,5	5,5	5,6	5,6	7,3
Antall elevar pr årsverk til undervisning	11,0	11,8	11,0	10,8	9,1
Antall assistentårsverk i undervisninga	1	1	2	2	2
Antall elevar pr assistentårsverk i undervisninga	42,0	89,9	37,0	35,6	39,9
Lærartettheit 1. - 7. trinn	10,8	11,6	11,5	11,3	9,3
Lærartettheit i ordinær undervisning	11,3	12,5	12,5	12,5	10,3
Andel undervisning gitt av undervisningspersonale med godkjend utdanning	87,5	100	100	100	100
Lærartimer som blir gitt til undervisning	3.897	3.897	4.023	3.914	5.163
Undervisningstimar totalt pr elev	67	63	67	69	82

Indikator og nøkkeltal	2012-13	2013-14	2014-15	2015-16	2016-17
Talet på elevar	131	138	140	140	128
Talet på lærarar med konkaktlærafunksjon	6	8	8	8	7
Talet på lærarar	20	21	21	22	22

Elevtal	2017-18	2018-19	2019-20	2020-21	2021-22
	121	125	128	128	132

Hovudfokuset vårt er skulemiljøet:

- Vi skal fremje helsa, trivselen og læringa til elevane
- Vi skal fange opp og hjelpe dei som slit(fagleg/sosialt/psykisk)

Satsingane ved skulen gjenspeglar dei tre prioriterte satsingsområda i Vågaskulen:

Heilskapleg menneskesyn med sansebasert læring:

Her har vi to tverrfaglege undervisningsopplegg som nyttar fleire læringsarenaer knytt opp mot lokal historie og tradisjon.

- «Spor i stein», kor vi blir kjend med historia kring kvernsteindriften i Kvennberget på Lalm
- «Med reinen som læremeister», tverrfagleg undervisningsopplegg med utgangspunkt i reinen. Her samarbeider vi med lokale bedrifter i Vågå, Sel, Lom og Skjåk. Vi er mellom anna med Vågå tamreinlag på reinsslakting, besøkjer Nortura og går på villreinjakt i Reinheimen.

Forpliktande samarbeid heim-skule:

- Foreldreskule for dei kommande fyrsteklasse foreldra. Dette sikrar god informasjonsflyt og legg grobottn for eit godt samarbeid mellom heim og skule. Dessutan er dette starten på etablering av eit foreldrenettverk på kvart klassesteg.

Tidleg innsats:

- Språk- og leserettleiarar som køyrer lesekurs og fremmar lese- og skriveopplæringa
- Nært samarbeid med PPT, helsesyster og miljøterapeut

IKT

IKT er ein naturleg og viktig del av skulekvardagen, og alle elevane har eigen PC som vert nytta i læringsarbeidet både på skulen og i heimen.

Elevane og personal nyttar programmet OneNote for samling av informasjon, samt til å dele seg i mellom.

Vi har stort fokus på digital dømmekraft og nettvett.

Skooler er innført i Vågaskulen. Skooler er eit pedagogisk verktøy som lærarar, elevane og foresatte nyttar i skulekvardagen. Skooler gjer det lett å gjere årsplanar, fagplanar, periodeplanar og dokument tilgjengeleg for alle involverte i skulen. Det har eiga innlogging for foresatte og dette vil forhåpentlegvis gjere det lettare å fylgje med i elevane si læring.

Korpsopplæring

I samarbeid med Kulturskulen driv vi korpsopplæring på 3.steg. Denne musikkundervisninga dekkjer mange av kompetansemåla i Kunnskapsløftet. Vi håpar òg at dette vil føre til rekruttering til korpsmiljøet i Vågå kommune.

Inkluderande læringsmiljø

Alle skulane og barnehagane i Vågå kommune deltek i dette utviklingsarbeidet med mål om å betre læringsmiljøet. Vi har teke utgangspunkt i fylgjande utviklingsområde:

- Systematisk arbeid i personalgruppa
- Holdningsarbeid
- Foreldresamarbeid

Arbeidet vil vere ferdig i des. 2018.

Utfordringar

Nye kompetansekrav frå 2015 med tilbakeverkande kraft medfører at vi ikkje har lærarar som oppfyller dei nye kompetansekrava i alle fag. Her må det utarbeidast ein kommunal kompetanseplan som sikrar at personalet i Vågåskulane får teke den nødvendige vidareutdanninga.

Sikre såpass god grunnbemanning at elevar i «gråsone» for spesialundervisning, får ei tilfredsstillande og likeverdig opplæring innanfor det ordinære opplæringstilbodet ved Lalm skule.

Område	Målsetting 2018	Oppnådd mål	Akseptabelt	Ikkje akseptabelt	2019-2021
Medarbeidarperspektivet					
Nærvær	95	94,4	95	94>	96
Tilfredsheit næraste leiar	4,7	5,1	4,7	4,7>	4,9
Samarbeid og trivsel	5,1	5,4	5,1	5,1>	5,3
Brukartilfredsheit	4,8	-	5,0	5,0>	5,0
Brukarperspektivet					
Resultat nasjonale prøver	Snitt fylke	Over snitt i engelsk Under snitt i lesing og rekning	Snitt fylke	Under snitt fylke	Snitt fylke
Elevundersøkinga					
Motivasjon	4	4,2	4	4>	4,2
Læringskultur	4	4,2	4	4>	4,2
Trivsel	4	4,3	4	4>	4,2
Foreldreundersøkinga (tilfredsheit heim-skule)					
Økonomi	Ikke negativt avvik	+100	0	Negativt avvik	Ikke negativt avvik

Vågåmo skule

Indikator og nøkkeltal	2012-13	2013-14	2014-15	2015-16	2016-17
Talet på elevar	235	213	214	215	228
Talet på lærarar med kontaktlærarfunksjon	15	14	15	14	15
Talet på lærarar	29	24	26	26	26
Årsverk for undervisningspersonale	23,0	24,3	20,2	19,2	20,8
Antall elevar pr årsverk til undervisning	12,1	12,9	12,3	12,5	12,6
Antall assistentårsverk i undervisninga	3	4	4	5	5
Antall elevar pr assistentårsverk i undervisninga	90,4	57,4	53,0	43,3	47,5
Lærartettheit 1. - 7. trinn	12,5	13,3	13,2	12,7	12,8
Lærartettheit i ordinær undervisning	15,7	16,5	17,1	14,7	15,0
Andel undervisning gitt av undervisningspersonale med godkjend utdanning	98,8	100	100	100	100
Lærartimer som blir gitt til undervisning	14.355	12.253	12.882	12.730	13.401
Undervisningstimar totalt pr elev	61	58	60	59	59

Vågåmo skule har ved oppstart skuleåret 2017/18 241 elevar fordelt på sju steg. Talet elevar på årsstega varierer frå 31-39 elevar. Vi er 40 tilsette, av desse 11 assistentar og kontorpersonell. Vi har to lærarar med ansvar for grunnleggjande norsk for minoritetsspråklege og to 2-språklege assistentar.

Skulen har tilbod om SFO kvar ettermiddag og heil dag onsdag. 1. og 2. steg går fire dagar, 3. - 7. steg går kvar dag, altså ein betydeleg auke i timar per veke. Skulen har også tilbod om leksearbeid med pedagogar og assistentar to gonger i veka pr steg på 3. - 7. steg. Skulen har praksislærarar og tek i mot lærarstudentar.

TID TIL LEIING

Dette året har vi hatt 200% tid til leiing fordelt på 3 personar. Rektor i 100%, assisterande rektor/inspektør i 80 % (20% undervisning) og 20% til spes.ped.koordinator. Pga langtids-sjukemeldingar har assisterande rektor og spes.ped.koordinator fungerert som rektor og ass. rektor mesteparten av 2017. Det er ikkje til å leggje skjul på at situasjonen har vore krevjande og arbeidspresset stort pga dette.

Vågåmo skule har elles vore gjennom store organisatoriske endringar dei siste åra, og det har vore utskifting både i leiing og i personalet elles. Dette betyr at vi må bruke mykje tid på å finne retninga vi vil gå, og gjere dei vegvala vi ønskjer for å koma dit. Auka tid til leiing skulle gje leiinga rom for å følgje opp den enkelte tilsette på ein annan måte enn tidlegare, og gjere at vi i større grad dreiv pedagogisk leiing med fokus på den gode undervisningspraksisen. Samtidig ser vi at det etter kvart blir stilt større krav til å løyse administrative oppgåver, og der vi må dokumentere meir enn før. Omorganisering elles i kommunen er svært merkbar for oss, då fleire arbeidsoppgåver blir delegert ut.

ERFARINGSDELING

Vi legg til rette for større grad av deling. Det betyr at lærarar nå skal dele god undervisningspraksis med kvarandre både på team, på tvers av team og på tvers av skular. Det er viktig å rydde tid for felles refleksjon, noko vi har auka fokus på. Leiinga har tydelege forventningar om at vi skal vekk frå privatpraksis og dra i felles retning.

Det er mykje spennande utviklingsarbeid i gang i skulen i Vågå. Dette krev sitt, både i form av tid, rom og ressursar. Det vil vere avgjerande for vågåskulen at vi i våre prioriteringar framover tek dei grepa som gjer at vi beheld både verdifull kompetanse, dei gode lærarane og sikrar rekruttering. Det er også nå viktig å arbeide godt med det vi allereie er i gang med og leggje til rette for god læring i alle ledd av organisasjonen.

IKT – DIGITALE FERDIGHEITER

Alle våre elevar har eigen PC, og brukar desse aktivt i læringsarbeidet. Det er utarbeidd eit sett PC-reglar som gjeld alle elevar frå 1. - 10. steg, og vi arbeider med å planfeste kva digitale ferdigheiter elevane våre skal ha på kvart steg. Lærarane brukar programmet OneNote aktivt, og deler digitale ringpermar både med kvarandre og elevar. Vi er og inne i ei satsing der vi etter kvart skal bruke læringsplattforma Skooler.

Vågåmo og Lalm utarbeidde i lag nye læreplanar i vår. Dette var ein tidkrevjande prosess, men nødvending for å kunne ta i bruk Skooler som verkty i t.d. planarbeid. Samarbeid på tvers av skulane opplever vi som veldig konstruktivt og positivt. Vi har i tillegg teke i bruk anna programvare. Leiinga deler både med kvarandre og med lærarane. Samtlege assistentar har også eigen PC.

AUKA LÆRINGSUTBYTTE FOR ELEVAR OG TILSETTE

Skulen har hatt fokus på dei grunnleggjande ferdigheitene over tid, og ser nå etter kvart resultat av dette. Vi arbeider systematisk og strukturert med lesing i alle fag, og har to språk- og leserettleiarar i personalet. Skulen startar kvart skuleår med lesemånaden september, der vi kartlegg, kjører klasselesekurs og kartlegg på nytt. Etter møte mellom skuleleiing og språk- og leserettleiarar lagar vi i etterkant opplegg i form av mellom anna intensive lesekurs med dei elevane som ut frå kartlegginga treng meir lesetrening.

Dette tankesettet har vi teke med oss inn i satsinga på matematikk/rekning som grunnleggjande ferdigheit (Mattelyst), ei satsing i samarbeid med Matematikksenteret. Dette året har vi lagt til rette for erfaringsdeling i personalet i større grad enn det som har vore vanleg før. Det er mykje god kompetanse internt, og det gjeld å dele det gode med kvarandre. Det er også spennande å sjå dette saman med IKT-satsinga. Skulen har reknepedagog og vi hadde for fyrste gong gjennomført klassereknekurs med oppstart i januar 2017.

LÆRINGSMILJØ

Vågå kommune er med i eit 2-årig prosjekt "Inkluderande læringsmiljø i skule og barnehage" (desember 2016-desember 2018) i regi av Fylkesmannen. Barnehagane og skulane skal arbeide meir systematisk og strukturert opp mot det psykososiale læringsmiljøet, der det m.a. blir fokus på kompetanseheving i personalet og tettare samarbeid med heimane. Det kom 1.8.2017 ny lovendring i fht Opplæringslova § 9a.

Vi har også kome godt i gang med Trivselsleiarprogrammet og ein av lærarane har ein ekstra ressurs til å følgje opp dette. Viktig å sjå dette opp mot arbeidet knytt til læringsmiljøprosjektet.

KORPSOPPLÆRING

Vi har i samarbeid med kulturskulen drive opplæring i korpsinstrument på 3. steget. Dette er eit spennande prosjekt som vi etter nokre år nå ser stimulerer til auka rekruttering også i korpsmiljøet. Vi ser at denne opplæringa gjer at vi dekkjer mange kompetansemål i læreplanen som vi elles ville hatt utfordringar med å få til. Opplæringa bidreg også til at elevane lærer på andre måtar enn tidlegare.

SAMARBEID SKULE-HEIM

FORELDRESKULEN

Vi skal i år i gang med sjette runde av denne skoleringa og ser at det er eit veldig positivt opplegg i samarbeidet heim-skule.

HEIMESIDA

Det har vore aktuelt for oss å utvikle heimesida til å bli ein arena for både kommunikasjon og pedagogisk innhald. Den er etter kvart mykje brukt både av heimane våre og andre. Sida er utvikla og endra, og Foreldrepulsen med nyheitsstoff og aktuelle artiklar skrive for føresette er eit nyttig reiskap for heimane. Sjekk ut www.vagamo.skule.no. Vi ser likevel utfordringar i at informasjonen som ligg på skulen si heimeside ikkje heilt samsvarar med informasjonen som ligg ute på kommunen sine heimesider. Vi skal i løpet av skuleåret 2017/18 kome i gang med portalen/IKT-plattforma Skooler, dette skal m.a føre til betre informasjon og kommunikasjon med heimane.

FORELDRA SINE ORGAN

Det er viktig å leggje til rette for at desse fungerer så godt som mogleg. Det er viktig at FAU fungerer som eit sjølvstendig samarbeidsorgan for foreldre. Då er informasjon til og dialog med foreldregruppa viktig, noko skulen har satsa spesielt på dette skuleåret. Vi arbeider også for å få elevrepresentantane meir aktivt med i desse organa. SU/SMU har fokus på dialogen mellom elevar og vaksne, og arbeider godt med saker som blir meldt. Det er også svært viktig at den politisk valde representanten i SU deltek for at dette utvalet skal ha noko mynde.

FRAMTID OG UTFORDRINGAR

Ein større del av personalet er etter kvart over 60 år. Resultat av dette er

1. Auka vikarbehov i samband med uttak av ekstra ferieveke (9 ferieveker for 2017)
2. Over 1 årsverk går med til redusert leseplikt
3. Budsjettår vs skuleår: det kan vere utfordrande å forutsjå det reelle ressursbehovet (både personal og økonomi) når ein set opp budsjett, da det t.d. kjem tilrådingar frå PPT på spesialpedagogoske ressursar i løpet av skuleåret og at det kjem nye framandspråklege elevar. Integreringstilskot har vorte redusert med kr. 250 000 frå 2016 til 2017, noko som og gjer situasjonen utfordrande
4. Vi har nå store elevkull i småskulesteget. For å følgje opp tidleg innsats både fagleg og sosialt er det svært viktig at både nok ressursar og dei rette ressursane er til stades. Det må vere god kvalitet på den grunnleggjande lese- og skriveopplæringa

KOMPETANSE

Vi ser etter kvart store utfordringar knytt til kompetanse i 2-språkspedagogikk og spesialpedagogikk. Elevar med minoritetsspråklege bakgrunn som har rett på grunnleggjande norskopplæring står i fare for å ikkje få ei fullverdig opplæring dersom vi ikkje har kvalifisert personale. Med dei nye kompetansekrava til undervisningspersonell, ser vi også eit auka behov for å etterutdanne/vidareutdanne fleire av lærarane i løpet av ein 10 års-periode (innan 2025). tillegg er vi opptekne av å sikre rekruttering og ha eit stabilt personale. Inneverande skuleår har vi ein lærar som tek etterutdanning gjennom Udir si ordning Kompetanse for kvalitet. Vi ser det som sentralt å bruke folk der dei er gode, og slik utvikle oss vidare for å vere rusta til å møte dei utfordringane skulen blir sett til å løyse. Skulen har eit solid og godt kvalifisert personale som bidreg aktivt i til eit god lærings- og arbeidsmiljø.

Vi ser også etterkvart behovet for fleire yrkesgrupper inn i skulen. For at pedagogane skal få vere lærarar, må vi nå vurdere om det er tenleg med til dømes vernepleiar inn.

Vi har i dag ikkje morsmålslærarar. Hovudårsaken til dette er mangel på kvalifisert personale.

RESSURSAR

Det er viktig å få til ei god ressursfordeling med tanke på bruk av delingstimar, timar til spesialundervisning, samt personalressursar ut frå tildelt ramme.

Store elevtal i småskulen fordrar god og tilstrekkeleg pedagogdekning. For å sikre ei god kvalitativ opplæring i basisfaga norsk, matematikk og engelsk, ser skulen at ei 3-deling i desse faga vil gje ei god gevinst på sikt. Stort læringstrykk og fokus på dei grunnleggjande ferdigheitene i desse faga vil styrke moglegheitene for læring og vekst hjå den enkelte elev.

I tillegg vil det vere lettare å følgje opp læringsmiljøet på ein god måte. Ved å ha eit stort trykk i småskulen, vil dette få positive konsekvensar for vidare læring og oppfølging på mellom- og ungdomssteg. Vi ser for oss ei 3-deling på samtlege klassesteg i ei 3-årsperiode, for så å redusere noko på mellomsteget. Dette for å sikre eit «etterslep». Ei slik organisering og ressursfordeling vil og kunne redusere behov for tilrådingar og oppfølging frå PPT i enkelte tilfelle. God og tilstrekkeleg grunnbemanning vil og fordre mindre behov for vikartimar og føre til ein meir forutsigbar pedagogtilgang . Dette er positivt for både elevar, heimar og personal.

OMORGANISERING

Med ny organisering av kommunen har tenesteleiarane får større ansvar og fleire oppgåver. Dette merkast godt i organisasjonen etter kvart. Mellom anna blir det mindre høve til pedagogisk leiing og oppfølging av utviklingsarbeid.

Vågå ungdomsskule

Vågå ungdomsskule er ein 8-10-skule som skuleåret 2017-2018 har 121 elevar.

Bemanninga skuleåret 2017-2018 består av ein tenesteleiar med 100% administrasjon, ein avdelingsleiar med 87% administrasjon, 24 lærarar i til saman 19,5 årsverk, og fem assistentar i 3,5 årsverk. Vi har ein person i merkantil funksjon i 90% stilling. Talet på lærar- og assistentårsverk vil bli noko redusert neste skuleår.

Vågå ungdomsskule sin visjon er: Vi klatrar i lag. Vi har alle eit felles mål som vi arbeider mot, der alle skal med i eit inkluderande fellesskap.

Indikator og nøkkeltal	2012-13	2013-14	2014-15	2015-16	2016-17
Årsverk for undervisningspersonale	15,2	15,0	15,2	16,7	16,7
Antall elevar pr årsverk til undervisning	9,9	10,6	10,5	9,4	8,6
Antall assistentårsverk i undervisninga	2	2	2	3	4
Antall elevar pr assistentårsverk i undervisninga	87,3	77,5	58,3	55,3	33,0
Lærartettheit 8. - 10. trinn	13,0	13,9	13,9	12,6	11,5
Lærartettheit i ordinær undervisning	15,0	15,4	15,9	14,4	13,3
Andel undervisning gitt av undervisningspersonale med godkjend utdanning	100	100	97,4	100	100
Lærartimer som blir gitt til undervisning	8.649	8.564	8.778	9.719	9.719
Undervisningstimar totalt pr elev	66	62	63	69	76

Indikator og nøkkeltal	2012-13	2013-14	2014-15	2015-16	2016-17
Talet på elevar	131	138	140	140	128
Talet på lærarar med kontaktlærarfunksjon	6	8	8	8	7
Talet på lærarar	20	21	21	22	22

Elevtal	2017-18	2018-19	2019-20	2020-21	2021-22
	121	125	128	128	132

Satsingar 2017-2018

Ungdomstrinn i utvikling har vi vore med på frå hausten 2016, og dette vil halde fram heile skuleåret 2017-2018. Dette er ei statleg satsing for ungdomsskulane, der vi er i siste pulje. Vi har valt skriving som fokusområde.

Vi vil også ha stort fokus på og arbeide med å bli gode på vurderingsfremmande læring som ein del av dette utviklingsarbeidet. Målet er motivasjon og meistring for betre læring (elevane) gjennom meir praktisk og variert undervisning (lærarane).

Lesekurs ser vi stadig eit stort behov for, og kartlegging viser at dei aukar elevane sin lese-dugleik. Vi håpar at vi framover har gode nok ressursar til å kunne halde fram med dette. Vi ser at intensive leskurs og god oppfølging på lesing fører til auke i fagleg nivå.

IKT-satsinga vår held fram. Vi har no teke i bruk Skooler, og dette blir brukt til innleveringar og tilbakemeldingar, testar m.m. Vi har også teke i bruk foreldreportalen i Skooler, og foreldra har fått informasjon om korleis dei går inn for å sjå informasjon om sin elev/sine elevar.

FYSAK er viktig for både fysisk og psykisk helse, og vi held fram med FYSAK-økt to gonger i veka. Årshjulet vårt har også mange aktivitetar gjennom året med turar og fysisk aktivitet, til dømes Fjellfilmfestival (8.), Gravdalstur (9.), Besseggen (10) og Maurvangen (9.)

Utfordringar

Nye kompetansekrav frå 2015 med tilbakeverkande kraft medfører at vi har lærarar som ikkje oppfyller dei nye kompetansekrava i enkelte fag. Det gjeld no for faga matematikk og kroppsøving. Vi har i skuleåret 2017-18 ein lærar på vidareutdanning i M&H, så da blir det dekt opp.

Å ha god nok grunnbemanning er viktig slik at elevar i «gråsone» for spesialundervisning får ei tilfredsstillande og likeverdig opplæring innanfor det ordinære opplæringstilbodet ved Vågå ungdomsskule. For store kutt i økonomien til skulen, vil kunne føre til ein auke i spesialundervisningstimar.

Kompetanse i språk, spesialpedagogikk og lesereettleiar. Framandspråk er eit område der vi dei neste åra får behov på grunn av at lærarar går av med pensjon. Det gjeld både engelsk og andre framandspråk. I dag tilbyr vi berre tysk som andre framandspråk. Det er eit ønske å kunne ha eitt alternativ til her (fransk eller spansk).

Mange elevar slit med lesing, og vi har difor behov for ein lesereettleiar til, i tillegg til den eine vi har. Elevar med spesielle behov har vi fått fleire av dei siste åra. Dette gjev oss utfordringar på område der vi ofte ikkje har god nok kompetanse. Vernepleiar står høgt på ønskelista.

Skulefråvær og skulevegning har auka i omfang dei siste åra. Slike saker er arbeidskrevjande og ofte kompliserte. Vi har etter kvart opparbeidd gode rutinar for oppfølging, og har jamt over eit godt samarbeid med føresette og ulike hjelpeinstansar.

Detaljert målekart

Område	Målsetting 2017	Oppnådd mål 2017	Akseptabelt	Ikkje akseptabelt	2018-2021
Medarbeidarperspektivet					
Nærvær	95	98,8	95	94>	96
Tilfredsheit næraste leiar	4,7	5,1	4,7	4,7>	4,9
Samarbeid og trivsel	5,1	5,3	5,1	5,1>	5,3
Brukartilfredsheit	4,8	5,0	5,0	5,0>	5,0
Brukarperspektivet					
Resultat nasjonale prøver	Snitt fylke	Under snitt	Snitt fylke	Under snitt	Snitt landet
Grunnskulepoeng	Snitt fylke	Under snitt	Snitt fylke	Under snitt	Snitt fylke
Elevundersøkinga					
Motivasjon	4	3,1	4	4>	4,2
Læringskultur	4	3,1	4	4>	4,2
Trivsel	4,1	3,7	4	4>	4,2
Foreldreundersøkinga (tilfredsheit heim-skule)	5	Ikkje gj.ført	5	5>	5
Økonomi	Ikke negativt avvik		0	Negativt avvik	Ikkje negativt avvik

Helse og omsorg

Tildelingskontoret

Tildelingskontoret er underlagt rådmannen sin stab og har for 2018 1,4 årsverk.

Tildelingskontoret (TK) si hovudoppgåve er å behandle saker om helse- og omsorgstenester i Vågå kommune. TK behandlar alle saker etter loven som til dømes opphald i kommunal institusjon (herunder NGLMS Otta), heimetenester, velferdsteknologiske hjelpemiddel, omsorgsbustad, omsorgsstønad, støttekontakt, avlastningstiltak, praktisk og personlig assistanse. TK er i tillegg ansvarlig for tildeling av transportteneste (TT) og ledsagerbevis.

«Koordinerende eining for habilitering- og rehabilitering» er underlagt Tildelingskontoret og er ein lovpålagt funksjon. Koordinerende eining skal bidra til å sikre heilskaplig tilbod til pasientar og brukarar med behov for sosial, psykososial eller medisinsk habilitering og rehabilitering. Det er laga retningslinjer for oppretting av ansvarsgruppe med Individuell plan.

Tildelingskontoret kartlegg brukar sitt behov, fattar enkeltvedtak og behandlar eventuell klage på vedtak. Tildelingskontoret behandla om lag 790 saker i 2016. Det er behandla 675 saker hittil i år, per 25.10.16. Tildelingskontoret har auka saksmengde og nyttar meir tid på dokumentasjon, koordinering og pasientforløp. Det er ulike årsakar til dette og vi trur at noko av dette kan bli forklart med at pasientar har kortare liggjetid i sjukehus og at det blir meldt eit behov til kommunen.

TK har ansvar for oppgåvene som følgjer av samhandlingsreformen og har ansvar for utskrivingsklare pasientar. Det er utarbeid ein Kvalitetsstandard for tildeling.

Legeteneste

Heimel: helse- og omsorgstensteloven § 3-2, punkt 4

Vågå kommune har fire faste legeheimlar pluss ein heimel for turnuskandidat. Legane driv privat praksis i tråd med individuelle avtaler. Den private praksisen er regulert av «Forskrift om fastlegeordning i kommunene».

Avtalene inneber også at legane skal utføre ein del offentlege oppgåver, som tilsynslege Vågåheimen, helsestasjon-/skulehelse og kommunelege 1-oppgåver. 4,0 stillingsheimlar hjelpepersonell er knytt til legetenesta. Dette er ei styrking på 40% i frå 2018, som følgje av auka og endra oppgåver ved helsesenteret.

Legane deltek i regional vaktordning lokalisert til Nord-Gudbrandsdal Lokalmedisinsk Senter på Otta (NGLMS) måndag-fredag kl 16-08 samt laurdag og søndag. På dagtid i veka (mandag-fredag kl 08-16) er legevakta lagt til Vågå helsesenter.

Psykisk teneste

Heimel: helse- og omsorgstensteloven § 3-2 punkt 5 og 6 a.

Psykisk helseteneste kan tilby samtaler og heimebesøk til menneske med psykiske lidningar, menneske i krise og sorg, og til pårørande. Tenesta er eit lågterskel-tilbod, og det er ikkje nødvendig med henvising frå lege.

Dagtilbod til personar med psykiske lidningar

Dagtilbodet skal bidra med motivasjon, hjelp og støtte til å meistre utfordringar i kvardagen gjennom å etablere sosiale fellesskap og utvikle tryggleik i samver med andre.

Dette gjeres gjennom:

- Fysisk trening / friluftaktivitetar
- Hobbyaktivitetar
- Sosial trening individuelt og /eller som gruppetilbod. Dette omfattar også «Inn på tunet»

Aktivitetane er individuelt tilpassa og kan også vurderas å foregå i heimen.

Målet er å bidra til ein meningsfull kvardag og dermed betra livskvalitet.

Fysioterapi for vaksne

Heimel: helse- og omsorgstensteloven § 3-2 punkt 5

Vi tek imot pasientar over 18 år, med henvisning frå lege, til behandling/undersøking
Vi gjev rehabilitering til brukarar på Vågåheimen og på korttidsavdelinga i kjellaren på Vågåheimen. Fysioterapeutane er ein del av fagteamet for kvardagsrehabilitering.

Fysioterapi til born/unge 0-20 år

Heimel: helse- og omsorgstensteloven § 3-2 punkt 5

Undersøking, vurdering og eventuelle behandlingstiltak ved motoriske vanskar og ulike diagnose-grupper. Oppfølging av barn i barnehage og skule, samt vegleiing av personalet. Tett samarbeid med helsesyster. Deltek på 4 mnd. gruppe.

I tillegg er det oppgåva for gjennomføring av førebyggjande heimebesøk for innbyggjarar over 75 år, lagt til fysioterapeuten.

Fysioterapi ved Vågåtrimmen

Heimel: helse- og omsorgstensteloven § 3-2 punkt 5

Fysioterapeutane på Vågåtrimmen tek imot pasientar til undersøking, behandling og rehabilitering på henvisning frå lege. Moglegheit for styrketrening/apparattrening i opningstida ved kjøp av kort.

Ergoterapi

Heimel: helse- og omsorgstensteloven § 3-2 punkt 5

Ergoterapitenesta kan hjelpe folk som har ulike typar aktivitetstvanskar i det daglege liv.

- Vurdering og trening av ferdigheter
- Kompenserande tiltak med tekniske hjelpemidlar
- Planlegging av fysiske tilpassingar i heim, skule, barnehage og av ute miljø
- Rettleiing i samband med universell bygging (med tilgang for alle)
- Førebyggjande arbeid innan aktivitetar i dagleglivet (heim/arbeid/skule/barnehage/fritid)
- Syns- og hørselskontakt. Kan hjelpe med tekniske hjelpemidlar i høve til dette

Ergoterapeuten er ein del av fagteamet for kvardagsrehabilitering og har hatt hovudansvar for implementering av kvardagsrehabilitering.

Helsetasjon og skulehelseteneste

Heimel: helse- og omsorgstensteloven § 3-2 punkt 1

Helsetasjon og skulehelsetenesta førebyggjer sjukdom og fremmar god fysisk, psykisk og sosial helse hos barn og ungdom 0-20 år og deira foreldre/føresette. Svangerskapsomsorga førebyggjer sjukdom, lyte og fremjar helse hos det ufødte barnet og foreldre. Tenesta er eit lågterskeltilbod som er lett tilgjengeleg. Tenesta fokuserer på ressursar og meistring hos den enkelte. Alle skal møtast med respekt og forståing. Helsetasjonstenesta bidrar med oppgåver innanfor miljøretta helsevern, smittevern og reisevaksinering.

Helsetasjonen har både ei befolkningsretta, grupperetta og individretta målsetting. Formålet med den lovpålagte tenesta er å førebyggje sjukdom og fremme god fysisk og psykisk helse i forhold til barn og deira familiar. Tilbodet er gratis og lett tilgjengeleg for barnefamiljar. Kompetent personell utfører over eit relativt langt tidsrom kontrollar av både den fysiske helsa til barnet, trivsel og utvikling. At dette er kombinert med kjennskap til og kunnskap om foreldra til barnet og oppvekstmiljøet, gjev eit godt utgangspunkt for førebyggjande arbeid. Helsetasjonen skal både oppdage byrjande problemutvikling hos barnet, og oppvekstforhold som kan sannsynleggjera at barn utviklar psykiske lidingar.

Målgruppe

Barn og ungdom 0-20 og deira foreldre/føresette.

Heimetenesta

Heimetenesta omfattar mellom anna helsetenester i heimen, praktisk og personlig bistand, omsorgsbustad, korttidsavdelinga og dagtilbod for heimebuande med demens. Tenesta har i tillegg ansvar for drift av ordningar som velferdsteknologiske hjelpemiddel, omsorgsstønad, avlastningstiltak og brukarstyrt personlig assistanse (BPA). Vi ser ei auke i antall brukarar med langvarig og samansette behov, der det er vurdert som mest hensiktsmessig at tenestene blir organisert som personlig assistanse. Dette gjer at brukarane får færre tenesteytarar å forhalde seg til.

Heimetenesta er under omstilling både av omsyn til endring i befolkningsamansetning og etter sentrale føringar, jfr samhandlingsreformen.

Korttidsavdelinga har 5 sengeplasser og avdelinga blir drifta av personale i heimesjukepleia. Frå januar 2018 vil korttidsavdelinga vera ein del av den ordinære bemanninga i heimetenesta, og det er oppretta eigen turnus med ressursar som er overført frå Vågåheimen hausten 2017.

Kvardagsrehabilitering er eit nytt tilbod frå hausten 2017. Målet med kvardagsrehabilitering er at brukarar skal gjenvinne funksjon og bli mest mogleg sjølvhjulpen i dagleglivets aktivitetar, og på denne måten bidra til at brukaren skal klare seg lengst mogleg i eigen heim.

Heimesjukepleie

Heimel: helse- og omsorgstensteloven § 3-2 punkt 6 a

Heimesjukepleia blir gitt til akutt og kronisk sjuke, utan omsyn til alder og økonomi, som bur eller har mellombels opphald i kommunen. All hjelp blir tildelt etter individulell vurdering og blir vurdert fortløpande. Heimesjukepleia er ei døgnteneste.

Heimesjukepleia utfører dei oppgåvene som den pleietrengande ikkje klarer sjølv.

Heimehjelp/praktisk bistand og opplæring (herunder personlig assistanse og støttekontakt)

Heimel: helse- og omsorgstenesteloven § 3-2 punkt 6 b.

Tenesta skal gje rettleiing og tilrettelegging slik at brukaren kan bu heime lengst mogleg. Tenesta skal også gje nødvendig praktisk hjelp til dei som ikkje greier å ta omsorg for seg sjølv, eller er heilt avhengig av hjelp for å greie seg i det daglege.

Støttekontaktordninga er ei teneste som skal medverke til å auke brukaren si oppleving av livskvalitet gjennom samvær med andre og bidra til på få ei meningsfull fritid. Tenesta kan bli gjeve individuelt eller i gruppe. Støttekontakt kan gjevast som treningskontakt.

Avlastning

Heimel: helse- og omsorgstenesteloven § 3-2, 6 bokstav d, pasient- og brukerretrtighetsloven § 2-8.

Vi gjev avlastning til personer og familier som har ei særleg tyngande omsorgsoppgåve for eldre, funksjonshemma eller andre pleietrengende. Avlastning kan bli gjeve i eller utanfor heimen.

Avlastingsheimar

Tenesta kan gjevast til familiar med hjelpetrengande barn som bu heime. Den kan gjevast ved at barnet får opphald i tilrettelagt avlastningsbustad i avtalt tidsrom, eller at barnet får opphald i anna familie, til dømes i helger.

Tenesta kan gjevast som avlastning i bustad med heildøgn tilsyn, eller familieavlastning i annan familieheim.

Avlastningstiltak

Tenesta skal gi avlastning i heimen til personar med særlig tyngande omsorgsbehov slik at pårørande eller andre personer som har tyngande omsorgsoppgåver kan få nødvendig kvile og avlastning. Avlastningstiltak og omfang blir presisert i enkeltvedtaket.

Brukarstyrt personleg assistanse (BPA)

Heimel helse- og omsorgstenesteloven § 3-8, jfr. pasient- og brukerretrtighetsloven § 2-1 d.

Målet med ordninga er å medverke til at personar med funksjonshemming eller som har eit stort hjelpebehov får eit aktivt og mest mogleg uavhengig liv.

Brukarar under 67 år med langvarig og stort behov for personlig assistanse har krav på å få tenestene organisert som BPA. Dette er heimla i pasient- og brukerretrtighetsloven § 2-1 bokstav d.

Omsorgsbustadar

Heimel helse- og omsorgstenesteloven § 3-7

Tenesta skal vere eit tilbod om tilrettelagt bustad for eldre og funksjonshemma der bustaden vil vere til hjelp for at brukaren skal klare seg best mogleg, føle seg trygg og at offentleg teneste skal vere lett tilgjengeleg.

Omsorgsbustad blir tildelt etter individuell vurdering med utgangspunkt i søkjaren si funksjonshemming, sjukdom og/eller alder. Dette er ikkje ei lovpålagt teneste.

Vågå kommune har trygdebustader, i Vågåmo og på Lalm.

Omsorgsstønad

Heimel: helse- og omsorgstensteloven 3-6

Kommunen pliktar å ha tilbod om omsorgsstønad til personar med særlig tyngande omsorgsarbeid.

Hovudformålet med omsorgsstønad er å gje ei økonomisk støtte til familiebasert omsorg til familiar med særleg tyngande omsorgsoppgåver, og bidra til best mogleg omsorg for dei som treng hjelp i dagleglivet og gjere det mogleg for private omsorgsytarar å utføre hjelpa. Omsorgsstønad er ikkje ei teneste ein automatisk har krav på, men blir fastsett etter skjønnsmessig vurdering.

Tryggleiksalarm og velferdsteknologiske hjelpemiddel

Tryggleiksalarm er ei ordning der brukar kan koma i kontakt med heimesjukepleia i ein akutt situasjon der ein treng hjelp, men ikkje kan nytte telefon. Tryggleiksalarmen skal medverke til å skape trygghet for brukaren.

Trygghetsalarmen er kopla opp mot NGLMS, som tek kontakt med heimesjukepleia eller andre (t.d. pårørade) etter avtale. Heimesjukepleia har ansvar for å kontakte brukaren.

Dagtilbod til heimebuande med demens

Tenesta skal utsetje utvikling av sjukdom, vedlikehalde funksjonar, avlaste pårørande og auke trivselsnivået til den sjuke.

Tenesta er eit dagtilbod måndag, tysdag, torsdag og fredag frå kl 09.00 – 15.00 til heimebuande med demens. I tråd med at fleire personar utvikle demenssjukdom og at vi får fleire heimebuande brukarar, så ser kommunen behovet for å utvide dagaktivitetstilbodet til 5 dagar i veka. Brukarane må være vurderte av demensteamet i kommunen.

Henting/bringing skjer til og frå heimen til brukaren. Brukarane blir aktivisert med turgåing, hobbyverksemd, snekring, matlaging eller baking. Betaling for transport etter gjeldande vedtak.

Omsorgsbustader med heildøgns tilsyn

Heimel: helse- og omsorgstensteloven § 3-7 og 3-2 a

Omsorgsbustadane blir bebudd av personar som kan ha behov for heildøgns tilsyn eller omsorg. Dei skal ha eit mest mogleg sjølvstendig liv ved å bu i eigen bustad, med bemanning tilgjengeleg når dei treng det.

Tenesta er eit tilbod til personar over 18 år som grunna utviklingshemming eller psykisk sjukdom treng tilsyn eller omsorg. Det er mogleg å søkje om bustad ved tildelingskontoret. Det vil bli gjort vedtak om at ein får butilhøve i ein bustad og omfanget av miljøarbeid ein har behov for. Det er ikkje slik at ein automatisk får teneste, men ein får teneste ut i frå behovet som blir kartlagt når det fattast vedtak. Dette kan variere mellom 0 timar til 24 timar i døgnet og er behovsbasert. Husleigekontrakt blir sendt ut frå teknisk etat.

Dagtilbod til personar med utviklingshemming

Tenesta er eit tilbod til personer over 18 år som har medfødde eller erverva skader – frå lettare grad til multifunksjonshemming.

Dagtilbodet skal leggje til rette og gjennomføre aktiviteter i samarbeid med brukaren, utifrå individuelle evner, behov og interesser. Dagaktiviteten skal sikre høve til utvikling og meistring, og medverke til tryggleik og eit meningsfylt liv.

Dagtilbod kan innvilgast opp til fire dagar i veka mellom kl. 09.00 – 15.00 måndag til torsdag. Dette kan til dømes vere arbeidstrening, fysisk trening eller sansestimulering. Nokre av brukarane av dagsentertilbodet er anten åleine eller i lag med personale i lokale bedrifter som miljøstasjonen og vaskeriet på Vågåheimen. Sosiale aktivitetar som song, spel, hobbyaktiviteter og turngrupper blir arrangert med jamne mellomrom. Brukarane av tenesta får ei liten sum i oppmuntringspengar. Om det kjem på ekstrautgifter ved ei dagaktivitet må den enkelte brukaren av tenesta dekke det sjølv.

Dagtilbodet «Inn på tunet» blir administrert via denne tenesta. Aktivitetar som skjer fredag kan administrerast frå denne tenesta (Inn på tunet), men utanom dette er det personalet i bustaden som organiserer dagaktivitet fredagar. Dette er som oftast eit tilbod om ein tur i utmark eller anna ut i frå brukarane sine interesser. Det vil bli arrangert turer der heimebuande blir invitert med.

Vågåheimen

Heimel: helse- og omsorgstenesteloven § 3-2, 6 c.

Lokal forskrift for tildeling av langtidsopphald i sjukeheim (FOR-2017-06-13-799).

Vågåheimen er den største enkeltarbeidsplassen i Vågå kommune, med om lag 80 tilsette, og vi har totalt 39 pasientplassar oppe og 5 plassar ved korttidseininga, som blir drifta av heime-tenesta.

Det er avvikla 7 dobbeltrom i løpet av 2017 og ressursar er overført heimetenesta. Liggjetid for pasientar i langtidsopphald er redusert dei siste åra. Pasientane har meir omfattande hjelpebehov og komplekse lidingar som krev høg grad av kompetanse. Vågåheimen er ein sjukeheim, for personar som treng medisinskfagleg oppfølging store deler av døgnet. Pasientar kan få korttidsopphald ved Vågåheimen, anten i form av avlastning, rehabilitering, eller tidsavgrensa utredning eller behandling.

Vågåheimen har dagaktivitetstilbod, på «arbeidsstugu», som er eit tilbod for heimebuande pasientar og pasientar ved Vågåheimen.

Landbruk

Landbrukskontoret for Sel og Vågå

Tenestene kan fåast ved å vitje land- brukskontoret direkte, pr. telefon, pr. post eller e-post. Søknadsskjema med omtale av tenestetilbodet ligg på heimesida til Vågå kommune, www.vaga.kommune.no

Saker etter jordlova kostar kr 1.250,- pr. sak. Saker til politisk behandling kostar kr 2.000,-Konsesjonssaker kostar kr 2.500,- pr. sak. Saker til politisk behandling kostar kr 5.000,-. Jordprøvetaking og gjødselplanlegging, sjå eige regulativ på heimesida. Alle andre tenester er gratis.

Landbrukskontoret for Sel og Vågå er eit felles kontor for kommunane Sel og Vågå. Kontoret har 6 tilsette. Dette omfattar også felles skogbrukssjef med Lom og Skjåk og skogbrukssjef i Sel (60 %) som også er vilt- og fiskeansvarleg i Sel (40 %). «Netto» har kontoret 5 årsverk.

Landbrukskontoret skal bidra til god utnytting av naturressursane i kommunen og tilgjengelege tilskotsmidlar og bidra til at landbruksproduksjonen blir på dagens nivå eller høgare. I tillegg skal kontoret stimulere til næringsutvikling på eller i tilknytning til den enskilde landbrukseigedom. I samband med kravet om lausdrift for storfe i 2034, vil arbeidet med informasjon og tilrettelegging for ombygging og nybygging for å innfri dette kravet, krevje omfattande arbeidsinnsats frå kontorets side.

Kontoret sel landbrukstenester til Lom kommune tilsvarande 40% stilling og leverer tenester inn mot Nordherad som utvald kulturlandskap (inntil 20% stilling). Internt leverer kontoret tenester på kartområdet (geodata) og på beredskap (beredskapskoordinator)

Landbrukskontoret skal førebu saker etter forskrifter og lovverk og ta avgjerd i saker som er delegert til administrasjonen.

Tenesta omfattar m.a.

- Økonomisk planlegging i IBU-saker (tidlegare BU)
- Katastrofeordningane (avlingsskade m.m.)
- Spesielle miljøtiltak i landbruket inkl. organisert beitebruk
- Kommunale landbrukstilskott
- Forvaltning etter forpaktings-, jord-, beite-, odels- og skoglov
- Tidligpensjonsordning for jordbrukarar
- Saksbehandling av produksjonstilskot og regionale miljøtiltak
- Forureining etter jordbruksforskrifter heimla i forureiningslova
- Sjukdoms-, ferie- og fritidsavlysing
- Landbruksvikarordninga
- Statlege tilskot til skogkultur (planting, ungskogpleie, 1. gongs tynning, kunstig kvisting)
- Statlege tilskot til vegbygging
- Statlege tilskot til drift i vanskeleg terreng
- Statlege tilskot til miljøtiltak i skog
- Forvaltning av skogfondsordninga og rentemidlar
- Kommunalt tilskot til skogkultur
- Forvaltning av forskrifter gjeve i medhald av skoglova (t.d. vernskogforvaltning, skogfrø og planter, godkjenning av skogsvegar mv.

I budsjettet er det lagt inn kr 50 000 til Norsk Landbruksrådgiving, kr 40 000 til skogbruksleiarstilling i Ottadalen. Dette er eit samarbeidstiltak med Mjøsen. I budsjettet ligg det inne 50 000 til jordbruks- og setervegar Det er avsett kr 250 000 til landbruksfond. Landbruksfondsmidla går til skogbrukstiltak, nydyrking, grøfting og vassanlegg.

Landbruket i Vågå har som mål å auke matproduksjonen med ein prosent i året, som svarar med den nasjonale målsettinga. Mykje av auka må foregå med avlingsauke på eksisterande areal og ved å nytte meir av inn- og utmarksbeiteressursane. Auka beitebruk gir utfordringar i forhold til gjerdehald mot innmark, hytteeigedommar og turistverksemder.

For å kunne auke produksjonen må ein og ha eit oppdatert produksjonsapparat. Dette krev kontinuerlege investeringar. Ramma for investeringstøtte hjå Innovasjon Norge er i dag for liten til å dekke etterspurnaden. Det betyr at det blir investert mindre enn det som kunne ha vore mogleg med større rammer til investeringsstøtte.

Landbruksvikartenesta

Dei som ynskjer å nytte landbruksvikar må ta kontakt med servicetorget i Vågå kommune tlf. 61 29 36 00.

Pris:

Landbruksvikaren kostar kr. 1 530,- i 2017 og landbruksvikar må tingast for heil dag.

Landbruksvikartenesta skal i fyrste rekkje vere eit tilbod til gardbrukarar som opplever akutt sjukdom. Det er Vågå Avløyssarlag som har ansvaret for tenesta. Dei kjøper tenestene av Vågå kommune.

Tenesta omfattar to landbruksvikarar i full stilling som kan leigast til allsidig gardsarbeid. Vikarane skal ha fagleg kompetanse til å ta alle typar gardsarbeid.

Utgifter til avløyssing ved sjukdom kan refunderast etter søknad på fastsett skjema.

Tenesta er ikkje heimla i lovverk eller forskrift.

Tenesta er budsjettert med eit underskot på kr. 95.000 for 2017. Satsen kommunen kan ta er foreslått høgda til kr 1.555,- i 2018.

Tekniske tenester

Veg

Vågå kommune, ved Teknisk sektor, har ansvar for heilårsdrift, heilårsvedlikehald og forvaltning av kommunale vegar, gater, gang- og sykkelvegar og fortau. I tillegg har sektoren ansvar for trafikksikringsarbeid.

Vegnettet er samansett av fire vegtypar, som ulike instansar har ansvaret for:

Vegtype	Ansvarleg
Riksveg	Statens vegvesen
Fylkesveg	Statens vegvesen
Kommunal veg	Vågå kommune
Privat veg	Grunneigar/vegeigar

Vågå kommune har om lag 85 km kommunale vegar. Sommar- og vintervedlikehald av vegar, gang- og sykkelvegar. Kommunen har vedlikehaldskontrakt for vintervedlikehaldet med Kristian Gården og sønner og med Even Sveen maskinservice. Sommarvedlikehaldet er det Skogen Entreprenør AS som har.

Tenesteområdet omfattar mange ulike arbeidsoppgåver fordelt over året:

- vårrensk av vegar, sluk, kummar
- vedlikehald, asfaltering, kantslått, oppmerking, reinhald
- oppsetjing av brøytestikkar og annan vinterførebuing
- brøyting, strøing, bortkjøring av snø, tining av stikkrenner med mere.

Kontrakta med entreprenør fastset rammer for vedlikehaldet, t.d. er det fastsett klare krav om når brøyting skal skje.

Heimel og grunnlag for tenesta:
Veglova og Vegtrafikklova.

Samordning og samarbeid er viktig i arbeidet for å vedlikehalde vegnettet til beste for brukarane. Kommunen samarbeider derfor både med fylke og stat, med den enkelte trafikant, med aktørar i skulane, frivilljuge organisasjonar, ulike vel-lag og bustadområde og med næringslivet i kommunen.

Vågå kommune har gjennom eit omfattande samarbeid med dei nemnde aktørane utarbeidd ein trafikksikringsplan, og kommunen er nå godkjent som trafikksikker kommune.

Kommunale Eigedomar

Eigedomsavdelinga har ansvaret for; forvaltning, drift, vedlikehald, utvikling og service av, og på, kommunale eigedomar (FDVUS); deriblant utleigebustader, omsorgsbustader, trygdebustader, alders- og sjukeheim, skular, barnehagar, kommunehus, kulturhus, idretts- og symjehall. Alle bygg skal til kvar tid vera i forsvarleg og sikker stand, samt tilgjengeleg for alle aktuelle brukarar.

Dette inneber brøyting, strøing og istandsetting framom bygg, drift av ljøs, varme og ventilasjon og anna bygningsmessig tilrettelegging. Alle bygg skal ha eit godt reinhald og innemiljø, i samsvar med gjeldande lover og forskrifter.

- Stell av kommunale park- og grøntområde
- Delansvar for graving av graver, og vedlikehald på kyrkjegarden. Dette utgjer ca. 1000 timar pr år
- Utleige av kommunale utleigebustadar, trygde- og omsorgsbustadar, med om lag 100 utleigeiningar

- Prosjekt- og byggeleiing av kommunale byggeprosjekt
- Kjøp og sal av eigedomar
- Er kommunens representant i Fagrådet for kommunale innkjøp i 6-K, med ansvar for utarbeiding og anskaffing av rameavtalar og kommunale innkjøpsavtalar
- Eigedomsavdelinga har ansvar for at riktig service og vedlikehald blir utført på alle kommunale tenestebilar, samt utfører naudsynt dekkskifte til ein kvar tid

Type bygg	Antal m2	Kommentar
Skule	6.800	
Barnehage	1.554	
Helse- og omsorgsbygg (inkl omsorgsbustader)	8.943	25 omsorgsbustader
Administrasjonsbygg	3.000	
Idrettsbygg	2.400	
Kulturbygg	3.865	
Utleigebustader	2.240	30 einingar
Trygdebustader	2.555	35 einingar
Andre bygg	2.230	
Sum	33.587	

Vaktmeisterteamet består av 6,1 årsverk, fordelt på 8 vaktmeistrar. Dei har ansvaret for alle kommunale bygg (33 587 m2). Dette utgjer ca. 5.506 m2 bygg pr. årsverk vaktmeister.

Byggesak og tilsyn

Hovudmålet for tenesta er å leggje til rette for at bygg og anlegg blir utført i samsvar med lover, forskrifter og planar. Kommunen skal yte god service og drive effektiv saksbehandling med høg kvalitet.

Byggesak:

- Naudsynt rettleiing og utlevering av skjema, kart, plangrunnlag med føresegner og nabooversikt
- Førehandskonferanse etter § 21-1 i Plan- og bygningslova (Pbl) om tiltakshavar eller kommunen ønskjer det
- Behandling av søknader i medhald av Pbl, forskrifter, vedtekter og retningsliner
- Saksbehandling av evt. klage
- Behandling av søknader om deling av eigedomar
- Behandling av søknader om utsleppsløyve (Forureiningsforskrifta og Pbl)
- Matrikkelføring

Byggesakene blir behandla i medhald av Plan- og bygningslova, der desse saksbehandlingsfristane er fastsett:

- Førehandskonferanse innan 2 veker (etter oppmoding)
- Søknad eitt trinn/ rammeløyve innan 3/12 veker
- Søknad igangsetjingsløyve innan 3 veker
- Førebels bruksløyve/ ferdigattest innan 3 veker
- Klagesaker for oversending til fylkesmannen 8 veker
- Klagesaker der kommunen fattar nytt vedtak 8 veker

Drifte og vedlikehalde bygga/anlegga slik at dei opprettheld sin funksjon og verdi, samt sikre tilgjengelegheit for brukarane.

Syta for at bygga er best mogleg sikra mot brann, innbrot og anna skadeverk, innanfor disponible resursar.

Sytle for effektiv utleige, og arealeffektiv bruk av kommunale eigedomar, samt drive ei effektiv og rasjonell energistyring i samsvar med brukarane sine behov.
Drive rasjonell og effektiv vedlikehalds-, reinhalds og serviceteneste.

Tilsyn:

Ivareta kommunens tilsynsplikt i byggesaker, jfr. § 25 i Pbl. Målet er å utføre tilsyn i minimum 10% av alle sakene som er behandla (jfr. tilråding frå Statens Bygningstekniske etat (BE), nå Direktoratet for byggkvalitet (DIBK).

Nordalskommunane, med unntak av Lesja, samarbeider på dette området, og det er inngått vertskapskommuneavtaler frå og med 2014, der Vågå er vertskommune og leiar tilsynsarbeidet. Sel, Dovre, Lom og Skjåk er samarbeidskommunar.

Lover:

- Plan- og bygningslova med forskrifter
- Forureiningsforskrifta
- Vedtekter, retningslinjer og kommunale arealplanar
- Reguleringsplanar og føresegner

Kart og oppmåling

Kartforretning skal søkjast/rekvirerast på eige skjema.
Alle kommunale kart ligg ute på heimesida til kommunen

Det er eige gebyrregulativ for tenesta

Hovudoppgåvene er å sørge for tilfredsstillande kartgrunnlag for bruk i ymse forvaltningsmanheng og å gjennomføre kart- og delingsforretningar og oppretting av eigarseksjonar.

Lov om eigedsregistrering, matrikkelova, pålegg kommunen ansvaret som lokal matrikkelstyresmakt og har med det som oppgåve bl a å føre eit påliteleg register over alle eigedommar i kommunen og ha ansvaret for ymse oppmålingsforretningar.
 Dette medfører at kommunen og er matrikkelfører for andre eksterne offentlege verksemder som har mynde til å påverke eigedsforhold, som jordskifteverket og vegvesenet

Kommunen har ansvaret for å fastsetja og føre register for offisielle adresser på bygningar som skal nyttast til bustadformål, fritidsformål, næringsverksemd eller offentlig eller publikumsretta verksemd. Ved nyetablering skal desse få tildelt adresse før dei blir teke i bruk.

Når det gjeld tidsbruk for gjennomføring av oppmålingsforretningar, skal ifg. matrikkelova forretningar gjennomførast og matrikkelførast utan unødig opphald. Eigne tidsfristar er fastsette i lova. Kommunen og rekvirenten kan avtale lengre frist.

Plan og miljø

Plan

Arealforvaltninga i Vågå kommune skal leggje til rette for næringsutvikling, busetting og ivaretaking av naturverdiar, der følgjande omsyn blir vektlagt i eit langsiktig perspektiv:

- miljø og samfunn
- bruk og vern av ressursar
- barn og unges oppvekstvilkår og universell utforming

Planstrategi: Følgje opp krava i plan- og bygningslova kapittel 10 om gjennom kommunal planstrategi å sette fokus på nødvendige planoppgåver for å legge til rette for ei positiv utvikling.

Kommuneplan: Gjennomføre gode revisjonsprosessar som oppfyller krava i plan- og bygningslova kapittel 11 og sikrar at kommunen har ein samfunnsdel og ein arealdel til kommuneplanen som viser samanhengen mellom framtidig samfunnsutvikling og arealbruk.

Reguleringsplan: Følgje opp kommunen si oppgåve jf. kapittel 12 i plan- og bygningslova om i nødvendig grad å la utarbeide og godkjenne reguleringsplanar. Forvalte digitalt planregister m.v. i samsvar med krava i kart- og planforskrifta.

Dispensasjon: Behandle søknadar om dispensasjon frå kommuneplan eller reguleringsplanar, i samsvar med krava i plan- og bygningslova kapittel 19.

Miljø- og naturforvaltning

Vågå kommune skal gjennom si miljø- og naturforvaltning arbeide for eit godt miljø og forvaltning av naturverdiar i tråd med nasjonale, regionale og lokale føringar. Kommunen skal drive god og effektiv saksbehandling innanfor fagområda motorferdsel i utmark, områdevern, forvaltning og skjøtsel av mindre verneområde, bruk og vern av vassdrag, bevaring av biologisk mangfald og miljø, friluftsliv, kulturminnevern, vilt- og fiskeforvaltning.

Prisar for teneste:

For behandling av reguleringsplan og dispensasjonssøknader etter plan- og bygningslova er det gebyr, jf. gebyrregulativ.

Vatn

Kommunen skal sikre at alle abonnentar tilknytt kommunal vassforsyning får vatn som oppfyller krava i Drikkevassforskrifta.

Leveransen omfattar:

- Jamn og sikker vassforsyning til abonnentane med ein vasskvalitet som ligg innanfor gjeldande forskrifter
- Vasstrykket skal ligge på minst 2 bar ved tilknytingspunktet til kommunal vassleidning

Atterhald ved leveranse:

- Leidningsbrot
- Naudsynt leidningsarbeid
- Feil på t.d. pumpeinstallasjonar/trykkaukar
- Brannvassuttak frå nettet
- Naudsituasjonar som kan oppstå ved t.d. flaum og straumbrot
- Frost i leidningsnettet
- Trykkvariasjon kan oppstå

Reklamasjon:

- Reklamasjon på vasskvalitet, trykk, avbrot i forsyninga til teknisk vakt på tlf. 41 69 49 15
- Ved konstaterte manglar vil kommunen rette opp disse så snart som mulig.
- Ved avbrot i vassforsyninga samanhengande i over 10 timer vil kommunen skaffe alternativ vassforsyning. Dette kan være provisoriske leidningar, utlevering av vassbeholdar, oppretting av vassposter osv. avhengig av den konkrete situasjonen

Informasjon:

Kommunen vil informere om driftsavbrot, avvik eller andre tilhøve som har noko å seie for abonnenten. Ved akutte hendingar, som t.d. leidningsbrot eller storbrann, vil vi gå ut med naudsynt informasjon så snart det er praktisk mogleg.

Partanes rettigheitar og plikter:

- Kommunen sine pliktar er avgrensa til det leidningsnett og dei installasjonar kommunen sjølv har ansvar for. Det vil seie at kommunens ansvar for å levere drikkevatt av tilfredsstillande kvalitet til abonnenten, gjeld til tilknytingspunktet til kommunalt leidningsnett
- Kunden har ansvar for å halde eige leidningsnett i slik stand, at eventuell skade eller andre tilhøve på eige leidningsnett ikkje påverkar kommunens anlegg og leveranse

Opphør/endring av abonnement:

Ved overdraging av eigedom skal abonnenten informere kommunen om ny eigar, når overdraginga finn stad.

Avlaup

Vågå kommune skal sikre at avlaupet frå abonnentar knytt til kommunalt avlaupssystem blir ivareteke på ein forsvarleg og tilfredsstillande måte. Kommunen skal ha ei ordning for mottak av slam frå slamavskiljar og tette tankar for vidare behandling.

Atterhald ved tenesta:

- Leidningsbrot/tilstopping av avlaupsleidning
- Naudsynt leidningsarbeid
- Naudsituasjonar som kan oppstå i samband med flaum og straumbrot eller andre uføre-sette hendingar

Reklamasjon:

- Uregelmessigheiter meldast til kommunen ved vatn- og avlaupsvakt på tlf 41 69 49 15
- Ved konstaterte manglar vil kommunen rette opp desse så snart som råd
- Kommunen vil på førehand informere om planlagde driftsavbrot, avvik eller andre forhold som har noko å seie for abonnenten. Ved akutte hendingar vil vi gå ut med naudsynt informasjon så snart det er praktisk mogleg

Partanes rettar og plikter:

- Kommunen sine plikter er avgrensa til det leidningsnett og dei installasjonar kommunen sjølv har ansvar for. Det vil seie at kommunen sitt ansvar for å ta imot avlaupsvatn på ein tilfredsstillande måte frå abonnenten gjeld frå tilknytingspunktet på kommunalt leidningsnett
- Ved kloakkstopp/tilbakeslag av avlaupsvatn i bustad vil kommunen etter mottak av slik melding så snart som mogleg kontrollere om årsaka ligg på det kommunale leidningsnettet
- Kunden har ansvar for å halde eige leidningsnett i forskriftsmessig stand.
- Miljøfarleg avfall og gjenstandar skal ikkje kastast i toalettet eller tilførast kommunalt avlaupssystem på anna vis. Dette kan medføre problem i leidningsnettet og reinseanlegg, samt hindre ein miljøvennleg bruk av avlaupsslammet
- Alle eigarar av slamavskiljarar og tette tankar pliktar å tømme desse forskriftsmessig

Endring av abonnement:

Ved overdraging av eigedom skal abonnenten informere kommunen om ny eigar når overdraginga finn stad.

Ta nærare kontakt med kommunen slik at naudsynt informasjon kan bli gitt om moglegheit for tilknytning av det aktuelle bygget til kommunalt avlaupssystem, eventuelt utbetring eller nybygging av avlaupsanlegg i spreidd busetnad.

Det vil bli gitt informasjon om kva for lovar, føresegner og regelverk som regulerar eit abonnement eller eigarskapet til eit privat avlaupsanlegg.

Renovasjon

Renovasjonsordninga har som formål å sikre miljømessig, økonomisk og helsemessig forsvarleg oppsamling, innsamling, transport, gjenvinning og sluttbehandling av avfall i kommunen.

Nord-Gudbrandsdal renovasjonsselskap IKS er tildelt oppgåva frå sine eigar kommunar for inntransport og behandling av avfallet.

Septik

Kommunen skal ha ei ordning for mottak av slam frå slamavskiljar og tette tankar for vidare behandling. Private slamavskiljarar, fettavskiljarar og tette tankar inngår i tømmeordninga. Kommunen skal tømme slamavskiljarar, tette oppsamlingstankar og andre samleinnretningar for slam som er omfatta av forskriftene. Alle eigedommar i kommunen er omfatta av kommunal tømmeordning, med unnatak av større avlaupsanlegg der løve er gjeve av anna myndigheit. Ordninga administrerast og utførast av Miljøservice AS frå Stryn, og inngår i eit samarbeid med Lesja, Dovre Sel og Vågå kommune.

Brann

Ved brann skal ein ringe naudnr 110.

Ved feiing skal ein ringe tlf 61 29 36 64.

Andre spørsmål om brann, feiing og tilsyn – ta kontakt med servicetorget eller teknisk sektor.

Hovudmålet for tenesta er at kommunen har eit brannvesen som er organisert, utrusta og bemanna, slik at oppgåver pålagt i lov og forskrift blir utført tilfredsstillande, sett i høve til kartlagt risiko og sårbarheit. Tenesta er heimla i Lov av 14. juni 2002 nr 20 om brann, eksplosjon og ulykker med farleg stoff og om brannvesenets redningsoppgåver (brann- og eksplosjonsvernloven m. føresegner)

Beredskap:

Beredskapsstyrken skal setjast inn ved brann og ulykke innafor krav til innsatstider

Førebyggande

Førebyggande avdeling sine oppgåver er informasjons- og motivasjonsarbeid, saksbehandling og tilsyn. Informasjon og motivasjonsarbeid er retta mot alle innbyggjarane og verksemdene i kommunen. Gjennomføring av tilsynet med særskilte brannobjekt blir utført etter ein handlingsplan som blir godkjent av kommunestyret.

Feiing:

Feiing og tilsyn med fyringsanlegg blir utført av feiaren. Kommunen skal sørge for at røykkanalar i fyringsanlegg som blir brukt til oppvarming av byggverk, blir feigd og gjennomført tilsyn med fyringsanlegg etter behov.

Forskrift om brannforebygging seier at begrepet ved behov innebærer at feiing skal vurderast for kvart einskild fyringsanlegg og det da kan fastsettast kriterier for feiehyppighet. Både hyppighet og gjennomføring av tilsynet skal være basert på risiko.

Byggverket, kvaliteten på fyringsanlegget og fyringsmønster er eksempel på vurderingskriterier for risiko. Bestemmelsen gjeld i hovudsak bustader og fritidsbustader i kommunen.